

# Utvikling av eit robust kvalitetssikkert fosterheimsarbeid i Hardanger og Voss regionen

Bakgrunn for prosjektet var å hindra utilsikta flyttingar, gjennom god rettleiing, kursing og systematisk oppfølging av både fosterheimar og foreldre. Ein ynskjer med dette interkommunale samarbeidsprosjektet å systematisera og byggja ut ein robust felles teneste.



## Bakgrunn

Dette skal vera eit strukturert og dynamisk arbeidsverktøy for sakshandsaming i oppfølging av barn, foreldre og fosterforeldre. Prosjektet er i ein implemteringsfase og skal vera ferdigstilla i løpet av 2024. Arbeidsgruppa i prosjektet har bestått av kontaktpersonar og familieterapeut i den kommunale barneverntenesta, og familieterapeut ved familietenesta i det kommunale arbeidet.

I eit samfunnsøkonomisk perspektiv ligg det store mogelegheiter for at riktig hjelp tidleg vil forhindra at barn og unge som lever under marginale omsorgsbaser fell utanfor skule, arbeidsliv og utviklar psykososial uhelse. For desse barna er det avgjerande at kommunane har ei god tiltaksvifte med riktig kompetanse og verktøy slik at alvorleg omsorgssvikt vil bli arbeida aktivt med i eit forebyggjande tiltak, der målet er at barna kan bli buande i sin biologiske heim. Me har utvikla dette verktøyet i tråd med Tidleg innsats og BTI modell.

## Målgruppe

Målet med denne strukturerte rettleiaren er at det skal vera eit godt arbeidsdokumentet for kontaktpersonar i barneverntenesta, uavhengig av kva kommune ein arbeider i ved våre samarbeidskommunar. Den skal sikra lik oppfølging og ivaretaking av både barn, foreldre og fosterforeldre, og me har vektlagt å få lage ein god støtterigg rundt kontaktpersonane i barneverntenesta. Gjennom strukturert rettleiing, kursing og systematisk oppfølging av både foreldre og fosterforeldre, er målet å hindra utilsikta flyttingar som er i tråd med forebyggjande arbeid og tidleg innsats.

## Mål

- ❖ Å utvikla gode rutinar og kvalitetssikker sakshandsaming, vedlikehald av kompetanse hjå fosterforeldre vi allereie har.
- ❖ Å hindra utilsikta flyttingar for borna, og sikra tidleg innsats rundt familiane.
- ❖ Alle fosterforeldre får kurstilbod til *Trygg base*, *Traumebevisst omsorg (TBO-F)* og *Emosjonfokusert ferdighetstrening for foreldre (EFST)* etter eit årshjul.
- ❖ Rettleiaren skal sikra kontaktpersonane sjekkliste opp mot lovverk, tema og mål for vidare arbeid i oppfølging av foreldre og fosterforeldre.
- ❖ Rettleiaren skal sikra brukarmedverknad for barn, foreldre og fosterforeldre.
- ❖ Rettleiaren sikrar kontaktpersonars ivaretaking frå leiinga på sitt kontor.

## Kva har vi utvikla?

- Våre mål er integrert inn i ein rettleiar som tenesta skal kunna nytta digitalt inn i Compilo.
- Vi ønskjer ved bruk av rettleiaren, at teamleiar jamnleg gjennomgår sjekkpunkta og nyttar dette som eit verktøy ilag med kontaktperson ved saksgjennomgang.
- At vi innad i tenesta skal ha eit «Vi-perspektiv» og tidleg danna lag rundt familiane.
- At foreldre og fosterforeldre skal oppleva seg møtt og ivaretakande i den store oppgåva dei står i og ha eit felles mål for barnet.
- At biologiske barn skal føle seg møtt og ivaretakande av barneverntenesta ved kurstilbod i regi Bufetat i kommunane nær dei.
- Felles julebord for 4 av 5 tenester for barn, fosterbarn og fosterforeldre.
- Oppfølging av tilsynspersonane, med kurstilbod.
- Felles interkommunal fagdag.

Vil du vite meir?

Ta kontakt med:

Annette Dahle Hegle, prosjektleiar, e-post [annette.d.heggle@voss.herad.no](mailto:annette.d.heggle@voss.herad.no)

Kitty Prestegård, barnevernleiar i vertskommunen e-post [kitty.prestegard@voss.herad.no](mailto:kitty.prestegard@voss.herad.no)

Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Voss og Hardanger barnevernteneste og ein del av Læringsnettverket for kommunal barnevernteneste i Vestland.

[Les meir om Læringsnettverket for barneverntenestene i Vestland på nettsida i Statsforvaltaren](#)